

Bestandsplan Sogndal og Leikanger årsleveområde for hjort 2016-2018



Søknad om godkjenning frå Leikanger storvald 1 mai 2016

Områdeavgrensing

Ein har gjennom felles drøftingar i møter brukt generell kunnskap om hjort og områdebruk, samt lokalkunnskap om hjorten sine trekkveggar etc, og kome til at avgrensinga som omhandlar areal i Balestrand, Sogndal og Leikanger kommunar etter kartet på side 1 utgjer eit felles årsleveområde for hjort.

Området har felles hjortebestand og utgjer ytre avgrensing for bruken av talmaterialet som viser utviklinga av denne hjortebestanden.

Avgrensinga følgjer kommunegrensa mot Luster i aust ut Barsnesfjorden og Sognefjorden rundt med Hella og inn Fjærlandsfjorden til valda mot Fjærland, opp i fjellet og til utgangspunktet.

Bilde over avgrensinga er i store trekk slik som vist på framsida, men avvik noko mot Fjærland.

Status

Det har vore færre felte hjortar dei siste åra. Bestanden er truleg redusert, men det er vanskelig å seie eksakt kor mykje. Variasjonen er for stor. 2014 var fellingsrekord og 2015 er lågaste fellingsstalet sidan 2008.

Det er ikkje endringar av betyding i tal observerte hjort pr. jegerdag i kunnskapsgrunnlaget. Det er heller ikkje store endringar i samansetjinga mellom kjønn eller alder. Årleg avskyting har variert mykje mellom år. Området har vore prega av vinterdødelighet år om anna. Avskytinga har vore prega av høg tildeling og nedgang i fellingsprosenten dei siste åra.

Hjortebestanden har etter tala eit kjønnsforhold på om lag 1,5 kolle pr bukk. Hjortebestanden er produktiv med kalv pr kolle på om lag 0,55. Det er over tid hausta overvekt unge dyr. Fellinga 2015 viste andelsmessig høgt uttak av eldre dyr i høve til åra før. Produksjonstala har ikkje auka og andelen spissbukk av totalt sett bukk aukar. Dette indikerer ein trend med forynging av hjortebestanden.

Sjå tabellane nedanfor som grunnlag for statusvurderinga. Merk at sett hjort for 2015 er lite innlagt i hjorteviltregisteret og at tala truleg blir endra etterkvart som resten av innsamla materiale blir lagt inn.

Tabellen viser oversikt over felte dyr for årsleveområdet

| | Tildelt totalt | Felt hannkalv | Felt hunnkalf | Felt hanndyr 1 ½ år | Felt hunndyr 1 ½ år | Felt hanndyr eldre | Felt hunndyr eldre | Felt totalt | Fellingsprosent | ungdyr/eldre | hann/ho |
|------|----------------|---------------|---------------|---------------------|---------------------|--------------------|--------------------|-------------|-----------------|--------------|---------|
| 2009 | 366 | 26 | 27 | 37 | 37 | 50 | 51 | 228 | 62,30 | 1,26 | 0,98 |
| 2010 | 355 | 28 | 30 | 34 | 38 | 49 | 55 | 234 | 65,92 | 1,25 | 0,90 |
| 2011 | 497 | 32 | 25 | 39 | 41 | 50 | 60 | 247 | 49,70 | 1,25 | 0,96 |
| 2012 | 506 | 33 | 21 | 31 | 36 | 40 | 47 | 208 | 41,11 | 1,39 | 1,00 |
| 2013 | 500 | 28 | 29 | 44 | 34 | 42 | 50 | 227 | 45,40 | 1,47 | 1,01 |
| 2014 | 491 | 34 | 29 | 50 | 45 | 53 | 50 | 261 | 53,16 | 1,53 | 1,10 |
| 2015 | 482 | 27 | 18 | 34 | 24 | 47 | 50 | 200 | 41,49 | 1,06 | 1,17 |

Tabellen viser sett hjort- tal for årsleveområdet

| År | Sett hjort pr. jegerdag | Sett kolle pr. bukk | Sett kalv pr. kolle | Sett spissbuk pr. bukk | Prosent bukker felt av sette bukker | Prosent koller felt av sette koller | Prosent kalver felt av sette kalver | Antall jegerdager | Jaktfelt som har levert skjema |
|------|-------------------------|---------------------|---------------------|------------------------|-------------------------------------|-------------------------------------|-------------------------------------|-------------------|--------------------------------|
| 2008 | 0,71 | 1,52 | 0,57 | 0,34 | 20 | 23,03 | 22,34 | 1290 | 36 |
| 2009 | 0,74 | 1,23 | 0,56 | 0,39 | 21,07 | 17,14 | 18,36 | 1769 | 49 |
| 2010 | 0,82 | 1,63 | 0,53 | 0,39 | 20,8 | 15,67 | 17,15 | 1969 | 52 |
| 2011 | 0,79 | 1,65 | 0,54 | 0,45 | 21,71 | 14,84 | 15,27 | 2067 | 51 |
| 2012 | 0,71 | 1,35 | 0,58 | 0,47 | 18,92 | 16,47 | 17,65 | 1987 | 51 |
| 2013 | 0,72 | 1,29 | 0,59 | 0,47 | 20,29 | 14,97 | 16,61 | 2048 | 52 |
| 2014 | 0,72 | 1,31 | 0,54 | 0,56 | 27,32 | 18,29 | 22,85 | 1930 | 52 |
| 2015 | 0,58 | 1,31 | 0,55 | 0,3 | 22,65 | 16,79 | 19,28 | 1983 | 47 |

Mål og strategi

- Det er eit mål å halde hjortebestanden på nivået ein har i dag totalt sett, og sikre at det ikkje blir utilsikta vekst i bestanden. Samstundes kan ein gjennom uttaka sikre ein berekraftig stamme kor ein haustar av overskotet.
- Det er innanfor dette rom for ulike lokale forskjellar innan hovudområdet. Til dømes av omsyn til skadepress eller liknande. Bestanden er redusert frå 2014 og målsetjinga i planen tilfredstill derfor overordna kommunalt mål.
- Det er eit mål å oppretthalde andelen hanndyr i bestanden
- Det er eit mål å auke andelen eldre dyr i bestanden
- Det er eit mål at skade av hjort på veg, innmark og skog skal reduserast

Tiltak

Redusert bestand bør uttrykkjast i redusert tal løyve gitt frå kommunane. Som alternativ meiner vi tal løyve kan haldast høgare dersom ein sikrar høgare uttak av kalv og dermed sikrar auka produksjon ved at fleire eldre dyr blir att i bestanden. Eit slikt tiltak vil vera robust sjølv om bestanden er noko redusert.

Kommunane bør sikre tildeling i tråd med kjønns- og aldersfordelt oppsett i bestandsplanen. Gjerne med noko høgare kalvetildeling for å sikre å unngå overbeskatning av eldre dyr av begge kjønn.

For søknaden legg styret til grunn å oppretthalde løyvetalet, med å dreie avskytinga meir mot unge, ikkje-produserande dyr og halda høgare del produktive dyr i bestanden etter jakt.

Styret meiner at sum felte dyr for området totalt sett må ned i høve til 2014 nivået. Truleg bør ikkje avskytinga totalt overstige 200 hjort i planperioden, men her er ingen fasit, og det er berre gjennom årleg oppfølging av utvikling ein kan sjå korleis dette bør styrast.

For søkjaren skal den fordelinga av faktisk felte dyr – årleg avskyting - i sum og for kvart vald følgja slik fordeling:

- **Hanndyr maksimalt 35% - herav minst spissbukk 50%**
- **Hodyr maksimalt 35% - herav minst ungvoller 50%**
- **Kalv minst 30%**

Valdet vil ha årleg kjønns- og aldersfordelt tildeling lik avskytingsplanen. Valdet vil ha fleksibilitet for flytting av løyver mellom år med inntil 25% av kvoten.

Merk av søknaden gjeld berre for valdet Leikanger storvald. Ein har hatt ein prosess med invitasjon til andre vald om å delta i eit formelt samarbeid valda mellom om felles bestandsplan, men dei andre valda i området var ikkje klare for det no. Leikanger storvald ønskjer å starte arbeidet, og vil i kommande år fortsetje med å invitere til samarbeid om felles bestandsplan og opprette eit bestandsplanområde.

Styret søker om godkjenning for **115 løyve/år** – dvs 345 løyver for planperioden. Løyvetalet er noko lågare enn valdet kan få ved maksimal tildeling etter minsteareal.

Evaluering

Styret gjer årleg vurdering av bestandsutviklinga og tilrår justeringar for årsmøtet. Justeringar blir gjennomført slik at hovudmåla i bestandsplanen kan nåast.